

Samnanger historielag

Årsmøte 28.02.06

Møtet vart halde i kommunestyresalen på Tysse og tok til kl. 19.00. Møtet var kunngjort i Samningen. 11 medlemmer møtte. Saksdokument og sakliste vart utdelt. Leiaren Helge Hisdal ynskte velkomen.

Sak 1: Opning

Val av møteleiar og to personar til å skriva under møteboka.

Vedtak: 1. Helge Hisdal er vald til møteleiar.
2. Gerd Waage og Karin Waage Knutsen er valde til å skriva under møteboka.

Sak 2: Årsmelding for 2005

Skrivaren Ivar Bård Aadland refererte årsmeldinga. Årsmøtet sette fram ynske om at årsmeldingane for ettertida ikkje berre hadde med namna på styremedlemene, men også på dei andre tillitsvalde.

Vedtak: Årsmeldinga vert godkjend slik ho ligg føre.

Sak 3: Rekneskap for 2005

Kasserar Marita Haugen hadde ikkje høve til å vera til stades på årsmøtet. Møteleiaren refererte hovudtala i den reviderte rekneskapen og svara på spørsmål. Rekneskapen viser eit overskot på kr 18 723,14 før avsetjing til kulturhistorisk fond.

Vedtak: Rekneskapen vert godkjend slik han ligg føre.

Sak 4: Medlemspengar for 2007

Styret rådde til at medlemspengane vert uendra.

Vedtak: Medlemspengane for 2007 vert uendra, kr 150,-.

Sak 5: Statuttar for kulturhistorisk fond for Samnanger

Møteleiaren refererte styret sitt framlegg til statuttar. Årsmøtet hadde ingen merknader til framlegget, men oppmoda styret om å syta for at fondsstyret kjem i arbeid og gjer kjent at det er høve til å søkja om midlar frå fondet til kulturhistoriske tiltak.

Vedtak: Framlegget til statuttar vert godkjent slik det ligg føre.

Sak 6: Val

Møteleiaren overlet til Solvor Aadland i valnemnda å styra valet. Valnemnda hadde framlegg på kandidatar til alle tillitsverva utanom valnemnd. Anna Holmefjord hadde sagt frå at ho ikkje tok attval til styret. Helge Hisdal hadde sagt frå at han ikkje tok attval som leiar, men han har 1 år att som styremedlem. Solvor Aadland opplyste at ho ikkje ynskte å vera med i valnemnda lenger. Ivar Bård Aadland gjorde framlegg om at Anna Holmefjord vert ny medlem i valnemnda, og at Ada L. Haugen og Øyvind Røen vert attvalde. Etter det vart alle val gjorde med akklamasjon.

a) Val av leiar

Vedtak: Ivar Bård Aadland er vald til leiar (1 år)

b) Andre val

Vedtak: Styremedlemer:

Kirsten Dalane Kleivane (attval, 2 år)

Margunn Lønnebakken (ny, 2 år)

Varamedlemer:

Tor Wold (attval, 1 år)

Karin Waage Knutsen (attval, 1 år)

Redaksjonsnemnd:

Magda Haugen (attval, 1 år)

Svein O. Aadland (attval, 1 år)

Nils Gåsdal (attval, 1 år)

Fondsnemnd:

Bjarne Hauge (attval, 2 år)

Revisorar:


Johannes Tysseland og Knut N. Langeland (begge attval, 1 år)


Valnemnd:


Øyvind Røen og Ada L. Haugen (begge attval, 1 år), Anna Holmefjord (ny, 1 år)

Etter årsmøtet vart det tid til prat kring bordet over ein kopp kaffi/te med tebrød attåt. Møtelyden etterlyste underhaldning, og Ivar Bård Aadland framførte ein av Per Sivle sine vossastubbar etter minnet.

Møtet slutt kl. 20.45


Ivar Bård Aadland
skrivar


Gerd Waage


Karin Waage Knutsen